

# **Vedtekter for kommunale barnehagar i Nord-Fron**

Vedteke i utval for helse- og oppvekstsaker saksnr 31/23, 15.11.2023.

## **1. Eigarforhold**

Nord-Fron kommune står som eigar av Kvam barnehage Åa, Toksebakken barnehage, Skåbu barnehage og Ruste barnehage.

Dei kommunale barnehagane i Nord-Fron skal drivast i samsvar med lov om barnehager m.v. og dei til kvar tid fastsette føresegner og retningslinjer frå departement og kommune.

## **2. Administrasjon**

Administrasjonen av barnehagane er lagt til sektorleiar for oppvekst, som er direkte underlagt kommunedirektøren. Kvar barnehage skal ha ein styrar som er barnehagelærar.

## **3. Samarbeidsutval**

Kvar barnehage skal i følgje barnehageloven § 4 ha eit samarbeidsutval der foreldre/føresette, eigar og tilsette er likt representert.

I Kvam, Ruste og Toksebakken barnehage er det 5 respresentantar (2 foresatte, 2 repr. frå tilsette, 1 politisk representant)

I Skåbu barnehage er det felles samarbeidsutval med skolen slik barnehageloven § 5 opnar for, med i alt 10 respresentantar (1 foresatte fra barnehagen, 1 repr. frå tilsette barnehagen, 2 foresatte fra skolen, 2 elevar, 1 repr. frå tilsette undervisningspersonell, 1 for andre tilsette, 1 politisk representant og rektor).

## **4. Barnehagelovens § 1. Formål:**

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling.*

*Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*

*Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.*

*Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»*

## **5. Språk**

Nynorsk er opplæringsmålet i Nord-Fron.

## **6. Om barnehageplassen**

Barn som blir tildelt plass i kommunal eller privat barnehage, vil ha ein barnehageplass fram t.o.m. veke 32 det året dei startar på skolen. Det kan ikkje garanterast plass i den same barnehagen. Maksimal opphaldstid pr. dag er 9,5 timer. Det blir tildelt plass for 3, 4 eller 5 dagar.

Dersom barnet fløtt ut frå Nord-Fron kommune, vil barnet behalde barnehageplassen ut inneværande barnehageår dersom det har ein kommunal barnehageplass.

Har barnet plass i ein privat barnehage, så kan barnet behalde barnehageplassen t.o.m. veke 32 det året dei startar på skolen.

Barn skal ha ferie i minst 5 veker i løpet av barnehageåret. Tre veker blir avvikla når barnehagen er stengt på sommaren. Plandagar, fem i året, og dagar barnehagen er stengt i samband med jul og påske kan reknast som ferie.

## **7. Opningstider**

Barnehageåret startar måndag i veke 33. Dei kommunale barnehagane har ope frå kl. 07.00-16.30 dagleg, frå og med måndag til og med fredag.

Barnehagane er stengt f.o.m. 24. desember t.o.m. 1. januar og f.o.m. måndag etter palmesøndag t.o.m. andre påskedag og tre veker på sommaren. I tillegg er det stengt for 5 plandagar pr barnehageår.

## **8. Opptaksmyndighet**

Enkeltvedtak etter desse vedtektena er delegert til kommunedirektøren eller den denne bemyndiger.

## **9. Opptakskrets**

Opptakskretsen for dei kommunale barnehagane er barn bosett i heile Nord-Fron kommune.

Barn busett i andre kommunar kan tildelast plass i private barnehagar dersom det er ledig kapasitet.

## **10. Rett til plass i barnehage**

Barnehagelova § 16 «rett til plass i barnehage»;

*«Barn som fyller ett år senest innen utgangen av august det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage fra august i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barn som fyller ett år i september, oktober eller november det året det søkes om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innen utgangen av den måneden barnet fyller ett år i samsvar med denne loven med forskrifter.*

*Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen der det er bosatt. Søknadsfrist til opptaket fastsettes av kommunen.»*

I Nord-Fron har alle barn rett til barnehageplass, uavhengig av når på året dei er født (K-vedtak 14.12.15, sak 154/15).

Denne lokale retten til plass gjeld ved hovudopptaket. Ved fortløpende tildelingar skal denne lokale retten vere eit mål inntil kapasiteten i barnehagane er nådd.

Kapasiteten til barnehagane er definert i godkjenninga av desse, og fortel kor mange plassar kvar barnehage har.

## **11. Kriterier i prioritert rekkefølgje ved tildeling av plass:**

- 11.1.** Barn med nedsett funksjonsevne. Krav om sakkyndig vurdering/uttale (barnehageloven § 18).
- 11.2.** Barn som har vedtak etter lov om barnevernstenester eller behov for plass grunna sosiale og medisinske årsaker hjå barnet sjølv eller familien. Krav om dokumentasjon frå relevant faginstans. Jfr. barnehageloven § 18 og barnevernsloven §§ 4-12 og 4-4.
- 11.3.** Sysken skal så langt råd er prioriterast til plass i same barnehage.
- 11.4.** Barn av flyktningforeldre på introduksjonsprogram ved barnets oppstartsdato.
- 11.5.** Ved tildeling av plass i barnehagene skal det gjerast ei totalvurdering av barnet sin situasjon, og av miljøet i barnehagen. Det må gjerast ei heilskapleg vurdering av gruppесamsetnad, slik at det ikkje blir for mange barn med spesielle behov i den enkelte gruppe.
- 11.6.** Når alt anna er likt, er fødselsdatoen avgjerande der eldste barn har prioritet.

## **12. Tildeling av plass, hoved- og suppleringsopptak samt fortløpende tildeling**

Det blir gjort samordna opptak til dei kommunale og private barnehagane, der brukarane sine ønskjer og behov skal tilleggjast stor vekt ved sjølve opptaket, jfr. barnehagelova § 17.

Søknadane vil bli behandla etter reglane i forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak til barnehage og barnehagelova.

Det blir ikkje teke inn nye barn med oppstartsdato frå 15. mai i eit barnehageår.

Eit vedtak om tildeling av plass kan omgjerast dersom ein søker bevisst har gjeve uriktige opplysningar og desse har vore førande for tildelinga av plassen, jfr. §12 i forskrift om saksbehandling ved opptak til barnehage.

### **12.1. Hovedopptak**

Søknadsfrist 1. mars. Tilbod om barnehageplass vil gjelde frå nytt barnehageår i veke 33. Dette gjeld barn som ikkje har barnehagetilbod i Nord-Fron frå tidlegare.

Føresette med barn som fyller eitt år september – november kan velje om dei ønskjer oppstart frå august, eller frå den månaden barnet fyller eitt år.

I Nord-Fron har alle barn rett til barnehageplass, uavhengig av når på året dei er født, jfr. K-vedtak 14.12.15, sak 154/15. Denne lokale retten til plass gjeld ved hovedopptaket.

Søkjarar som ikkje blir tildelt sin førsteprioritet, kan bli sett på venteliste. Det er klagerett.

Søknader som blir motteke etter søknadsfristen 1. mars, blir med i suppleringsopptaket dersom det ikkje er ledig kapasitet før dette.

### **12.2. Suppleringsopptak**

Søknadsfrist 1. september. Tilbod om barnehageplass vil gjelde frå 1. januar. Dette gjeld barn som ikkje har barnehagetilbod i Nord-Fron frå tidlegare.

Søkjarar som ikkje blir tildelt sin førsteprioritet, kan bli sett på venteliste. Det er klagerett.

Dersom det er ledig kapasitet, kan tildeling skje til andre tider enn hovedregelen.

### **12.3. Fortløpende tildelingar**

Dersom det er ledig kapasitet, kan det bli gjort fortløpende tildeling av barnehageplass utanom desse opptaka. Dette gjeld barn som ikkje har barnehagetilbod i Nord-Fron frå tidlegare.

Det er ikkje klagerett eller venteliste ved fortløpende tildeling.

Søknadane vil då bli behandla ca. to månader før ønskt oppstartsdato etter tildelingskriteria.

### **13. Klagerett**

Ut frå § 6 i forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehage gjeld følgjande klagerett;  
«*Søkere som får avslag på søknad om barnehageplass og søker som ved tildeling av barnehageplass verken får sitt første eller andre ønske om barnehageplass oppfylt, kan klage på avgjørelsen. Retten gjelder kun søker som har søkt om barnehageplass innen søknadsfrist kommunen fastsetter etter barnehageloven § 16.*»

Det vises til forskrift om saksbehandling ved barnehageopptak §§ 7 – 10 for reglane rundt klagen.

### **14. Overflyttingssøknader og endringssøknader**

#### **14.1. Overflyttingssøknader**

Søknadsfrist 1. februar. Tilbod om overflytting vil gjelde frå nytt barnehageår, f.o.m. veke 33.

Søknadsfrist 1. september. Tilbod om overflytting vil gjelde frå nyttår, 1. januar.

Dette gjeld barn som allereie har barnehageplass (i privat eller kommunal barnehage) og som søker overflytting til ein anna barnehage. Søknadane blir behandla i forkant av hovud- og suppleringsopptaka.

Det er ikkje klagerett eller venteliste ved overflyttingssøknader.

#### **14.2. Kriterier i prioritert rekjkjefølgje ved overflyttingssøknader:**

**14.2.1.** Det skal takast omsyn til behovet til dei barna som skal byrje på skolen, slik at dei kan gå i gruppe med barn dei skal byrje på skolen saman med siste året før skolestart.

**14.2.2.** Det skal takast omsyn til dei barna som på grunn av alder må endre barnehage.

**14.2.3.** Sysken skal så langt råd er prioriterast til plass i same barnehage.

**14.2.4.** Når alt anna er likt, er fødselsdatoen avgjerande der eldste barn har prioritet.

#### **14.3. Endringssøknader**

Søknadsfrist 1. februar. Tilbod om endring vil gjelde frå nytt barnehageår, f.o.m. veke 33.

Søknadsfrist 1. september. Tilbod om endring vil gjelde frå nyttår, 1. januar.

Dette gjeld barn som allereie har barnehageplass i Nord-Fron og som søker om å auke eller redusere plassen i den barnehagen barnet går i.

Siste frist for å sende inn endringssøknader er 1. april for inneværande barnehageår.

Søknader om reduksjon av opphold er oppseiing av enkeltdagar. Oppseiingstida for enkeltdagar er ein – 1 – månad, rekna frå den 1. i den påfølgjande månaden.

Det er ikkje klagerett ved endringssøknader.

### **15. Oppseiing av plass**

Oppseiingstida for barnehageplass er ein - 1 - månad, rekna frå den 1. i den påfølgjande månaden.

Dersom opphaldet (heile plassen eller enkeltdagar) til barnet skal endras for månadane mai-juni-juli, må søknad om dette vere motteke seinast 1. april og vil då gjelde f.o.m. 1. mai.

Opphald som blir avslutta etter 1. mai blir rekna som utvida ferie og må betalast ut barnehageåret.

Oppseiinga av heile barnehageplassen skal registrerast i føresettportalen til Visma Flyt Barnehage.

Dersom barnet fløtt ut frå Nord-Fron kommune – sjå punktet om barnehageplassen.

## **16. Permisjon**

Føresette kan søke permisjon frå barnehageplassen. Fritak frå betaling blir vurdert etter søknad. Permisjon for å utsette oppstart gir ikkje betalingsfri. Søknad om permisjon må sendast skriftleg til styrar ein månad før aktuell permisjonsperiode. Barnehageeigar avgjer om permisjonen blir innvilga.

## **17. Foreldrebetaling**

Foreldrebetalinga er regulert i forskrift om foreldrebetaling i barnehager.

Kommunestyret fastsett satsane for foreldrebetalinga. Eventuelle endringar vil til vanleg gjelde frå 1. januar kvart år.

Betalinga skjer på etterskott for kvar månad. I tillegg til betalingssatsane blir det kravd kostpengar som skal dekke dei reelle matutgiftene.

Det skal betalast for elleve månader i året – ein månad er betalingsfri. Feriefråvær ut over 5 veker gir ikkje fritak for betaling.

Nord-Fron kommune tek skriftleg og/eller munnleg kontakt med foreldre/føresette med varsel om mogleg oppseiing av plass i barnehage eller inngåing av nedbetalingsavtale når to fakturaer for plass i kommunale barnehagar ikkje er betalt. Med tre ubetalte fakturaer for plass i barnehage kan kommunen seie opp plassen for barnet.

## **18. Forsikringer**

Barn i dei kommunale barnehagane er dekt av kollektiv ulykkesforsikring for barn, som kommunen dekkjer. Dette gjeld personskader på direkte veg til/frå barnehagen og heim, innafor barnehageområdet og på turer arrangert av barnehagen i oppholdstida, samt arranement i regi av FAU.

Forsikringa dekkjer ikkje skade på ting som f.eks. briller, vogn og klær.

## **19. Andre plikter ut frå lover og forskrifter**

For dei tilsette i barnehagane gjeld reglane om teieplikt i forvaltningsloven § 13/barnehageloven § 44 og krav om å levere politiattest jf. barnehageloven § 30.

Dei tilsette må forplikte seg til å arbeide i samsvar med barnehagane sine vedtekter og gjeldande instruksar.

Barnehageloven § 45 og § 46 pålegg alle tilsette i barnehagar opplysningsplikt (meldeplikta er personleg og inngår i denne) til sosialtenesta og barnevernstenesta.

## **20. Internkontroll**

Det blir gjennomført internkontroll slik barnehageloven § 9 stiller krav om. Styrar har/er delegert ansvaret for dette.

## **21. Vedtektsendringar**

Vedtektena kan endrast av kommunestyret etter tilråding frå utval for helse- og oppvekstsaker.

Mindre ikkje-prinsipielle endringar, kan gjerast av utval for helse- og oppvekstsaker.